



Bilete syner den nye inngangen til kjellaren.

Uskedal utvikling inviterer i kveld til ope møte med tema: Kjellaren i Gamleskulen - byggesteg 2 med kva arealet skal nyttast til. Etter ei synfaring vert det lagt opp til idedugnad der ein ynskjer å få fram tankar frå ulike brukargrupper som alt i dag brukar huset. Framtidig bruk må også vurderast ut frå kva som kjem fram av nye behov, interesserer og kva som kan finansierast.

Kjellaren har ei brutto golvflate på 130 rutemeter. Det er teikna inn og delvis delt av areale for teknisk rom, toalett/vask, inngangsparti m/ garderobe og kjøkkenkrok. Vindaugo er stort sett som før. Kjellaren har i dag synlege og originale murvegger. Det er støypt nytt golv med installert varme.

Styrelciar og ny dagleg leiar i SpareBank 1- stifting ai Kvinnherad er invitert. Dei vil informera om stiftinga sine retningsliner for tildeling av gåver til ålmennyttige føremål. Orienteringa er aktuell for alle som har prosjekt og som vil søkja om tildeling i vårhalvåret eller seinare.

Plan for kvelden:

kl. 19: Frammøte, synfaring i kjellaren og drøfting/idedugnad

kl. 20: SpareBank 1- stiftinga i Kvinnherad: Retningsliner for tildeling og søknader

Møte i kveld er ope for alle. Vel møtt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Onsdag 22. februar 2017 | **KVINNHERINGEN**

SpareBank 
STIFTINGA KVINNHERAD

SØK OM GÅVE
frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad!

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad skal dela ut gåver

Søk om gåve: [Lysinga til SpareBank 1- stiftinga i Kvinnherad.](#)